



Hardangerrock

Saksbehandlar, innvalstelefon

Mari Katrine Berg-Arnesen, 5557 2326

## Tilbakemelding på spørsmål om mobilknusing på Børnes industriområde i Kvinnherad

Vi viser til brev datert 19. oktober 2023 om knuseverk på Børnes industriområde.

### **Bergstyresmaktene har vurdert at anlegget ikkje er omfatta av minerallova**

Direktoratet for mineralforvaltning har konkludert med at tiltaket ikkje er omfatta av minerallova, ref. brev til Kvinnherad kommune frå Direktoratet datert 20. april 2022 som de var kopimottakar av. Korkje kommunen eller Statsforvaltaren kan overprøve Direktoratet på dette punktet. Dersom de framleis meiner at det er grunnlag for å vurdere dette på nytt eller at vurderinga er feil, lyt ein slik førespurnad eventuelt stilast til Direktoratet som rette styresmakt.

### **Alle knuseverk er i utgangspunktet omfatta av kapittel 30**

Med mindre ei verksemd er særskilt regulert med eige løyve eller unnateke krava i kapittel 30 i forureiningsforskrifta, gjeld krava i forskrifta for alle anlegg som produserer puk, grus sand og singel, jf. § 30-1 i forureiningsforskrifta. De har rett i at mellombelse knuseverk i utgangspunktet vert rekna som stasjonære, etter at verksemda har vore i drift på same lokalitet i meir enn eit år. Verksemdar som knusar sporadisk men over fleire kortare periodar, blir i følgje Miljødirektoratet rekna som stasjonære så lenge produksjonen skjer på same område i meir enn to år, jf. kommentar til § 30-9, i rettleiinga M-1136 | 2018.

### **Krav til mellombelse og stasjonære knuseverk**

Skilnaden i kravstilling til mellombelse og stasjonære knuseverk er i forskrifta avgrensa til strengare krav til skjerming, jf. § 30-3. Ei verksemd som produserer berre i korte periodar har same krav til t.d. støvdempande tiltak, utslepp til vatn og krav til støy, som dei går fram av forskrifta.

Knuseverk kan berre starte opp og vere i drift dersom dette er i samsvar med endelege planar etter plan- og bygningslova. Vedtak etter plan- og bygningslover vert følgt opp av kommunen, men Statsforvaltaren kan påpeike at drift av eit knuseverk er ulovleg dersom det ikkje er i samsvar med endelege planer frå kommunen.



Med helsing

Magne Elias Nesse  
senioringeniør

Mari Katrine Berg-Arnesen  
senioringeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi: Kvinnherad kommune